

## Har du hugsa småfuglane?

30.12.2010



Staseleg gjest!

**Vi frys, men det gjer også småfuglane. Vi gjer ein god gjerning hvis vi kjøpar ein godbit også til dei medan vi er inne og provianterar sjølv. At dei set pris på maten bringer vi her eit døme på.**



Sporvar i trengsel

I ein hage på Neset, der desse bileta er teke, er det mange slags fuglar om dagen.



Svarttrosten trives blant dei mindre

Nokon ornitolog er vi ikkje, men fuglebestanden held seg bra oppe og vi meiner å ha observert både svarttrost, dompap, gråspurv, kjøtmeis og raudstrupe berre på ein stutt time i ettermiddag.

Andre har kanskje fleire slags fuglar på brettet sitt, og vi tek gjerne i mot fleire observasjonar.

Vi har også observert ein svært interessert katt, men han var eit eksempel for andre kattar: Han let fuglane vera i fred.

(Foto: Ola Matti Mathisen)



Besøk av ein disiplinert katt